

PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 6. juni 2008 kl. 13.00 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

SAKSLISTE:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7
4. Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44
5. Presisering av resultatkrav 2008
6. Årleg melding, jf. lov om helseforetak § 34 og vedtektene § 7 og § 15
7. Stadfesting av tidlegare vedtak

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte: Statsråd Sylvia Brustad

Frå styret møte:

Styreleiar Oddvard Nilsen
Gunnar Berge
Ohene Aboagye
Gro Skartveit

Frå administrasjonen møte:

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Odd Søreide
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Også til stades:

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia
Avdelingsdirektør Frode Myrvold
Avdelingsdirektør Mette Bakkeli
Avdelingsdirektør Synnøve Roald
Seniorrådgjevar Bjørg Leinum Seim

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om helseforetak, men møtte ikkje.

Vald revisor for Helse Vest RHF, Ernst & Young, var varsla i samsvar med lov om helseforetak og møtte, representert ved statsautorisert revisor Nicolai Homme.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Statsråd Sylvia Brustad ønske, som øvste eigarmakt, velkommen. Ho spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og avdelingsdirektør Frode Myrvold blei valde til å underskrive protokollen.

Statsråden overlét møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsordenen. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. lov om helseforetak § 43 og vedtektene § 7

I samsvar med vedtektene § 7 blei styret sin årsrekneskap og årsmelding for 2007 framlagt av administrasjonen til godkjenning i føretaksmøtet.

Helse Vest RHF gav ei kort orientering om økonomiske resultat i 2007 og styret sitt vidare arbeid på dette området.

Statsautorisert revisor Nicolai Homme gjorde greie for revisjonsmeldinga for 2007.

Føretaksmøtet viste til at den framlagde rekneskapen viser eit rekneskapsmessig underskot. I tråd med St.prp. nr.1 (2007-2008) skal dei regionale helseføretaka frå og med 2007 bli målt på eitt eintydig resultatongrep. Dette inneber at tidlegare år sine korrigeringar for nivå på verdsetjing og levetider for anleggsmidla er erstatta av eit krav til eit maksimalt rekneskapsmessig underskot.

I føretaksmøtet 13. februar 2007 blei det fastsett slikt resultatkrav for Helse Vest RHF for 2007:

" I 2007 vil fulle kostnader til avskrivningar knytt til Helse Vest RHF sin opningsbalanse bli vist i det resultatet som Helse Vest RHF vil bli målt etter. Føretaksmøtet viste vidare til at det med atterhald om Stortinget si godkjenning, vil bli gitt ei tilleggsløyving i 2007 på 100 mill. kroner, jamfør departementets brev av 4. februar 2007. I tråd med Stortinget sine krav la føretaksmøtet til grunn at Helse Vest RHF handterer si omstillingsutfordring slik at rekneskapsmessig resultat for føretaksgruppa i 2007, ikkje skal overskride eit underskot på 300 mill. kroner og at dette blir lagt til grunn i dei styrevedtekne budsjetta til føretaksgruppa for 2007. Eigar er innforstått med at dette vil kunne innebere store omstillingar. Føretaksmøtet legg samtidig til grunn at nødvendige omstillingstiltak blir vurderte og sette i verk innanfor rammer som gjeld for helseføretak. Arbeidet med omstilling skal skje i samarbeid med dei tilsette og organisasjonane deira.

Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF i 2007 innrettar si aktivitetsfinansierte pasientbehandling og sine investeringar slik at resultatkravet for 2007 blir nådd. Det ble også peikt på behovet for tett oppfølging av og kontroll med dei samla lønskostnadene i det enkelte helseføretak i føretaksgruppa.

Det er avgjørande for Helse Vest RHF si langsiktige økonomiske stilling og framtidige handlingsrom at resultatkravet blir nådd og at det skjer nødvendig omstilling og effektivisering. Føretaksmøtet såg alvorleg på at førebelse prognosar for korrigert resultat i 2006, indikerer at Helse Vest RHF ikkje vil innfri resultatkravet frå eigar for 2006. Føretaksmøtet la til grunn at styret sørgjer for trygg styring og tett oppfølging av helseføretaka i 2007."

På grunn av endra økonomiske parameter auka pensjonskostnadene for Helse Vest i 2007 med om lag 575 mill. kroner. I St.prp. nr. 10 (2007-2008) blei det lagt til grunn at denne auka i kostnader ikkje skal bli rekna med i resultatkrava til dei regionale helseføretaka, og dette blei stadfesta i føretaksmøte den 25. januar 2008:

"Resultatkravet for 2007 som vart sett i føretaksmøte med Helse Vest RHF 13. februar 2007 blir endra på grunn av auka pensjonskostnader frå at regnskapsmessig resultat ikkje skal overskride eit underskot på 300 mill. kroner til at regnskapsmessig resultat ikkje skal overskride eit underskot på 875 mill. kroner. "

Det går fram av Ot.prp. nr. 56 (2004-2005) at det ikkje kan bli forventa at helseføretaka framover vil kunne gjenskaffe anleggsmiddel tilsvarande dei verdiar som ble skotne inn i opningsbalansen pr 1. januar 2002. Helse- og omsorgsdepartementet bestemte derfor å føre ein del av innskoten eigenkapital mot eit strukturfond. Fondet skulle nyttast til å dekke meiravskrivningar på differansen mellom gjenskaffingskost i opningsbalansen og forventa anleggskapital i framtida. I St. prp. nr 1 (2007-2008) blei det vedtatt ei auke i årlege løyvingar som saman med basisløyvingar for gjenskaffing og vedlikehald skal gi dekning for å oppretthalde den fulle verdien av varige driftsmiddel. Behovet for det

opphavlege strukturfondet fell dermed bort, og restverdien blir ført over til "Annan innskoten eigenkapital" pr 31. desember 2007.

Årsrekneskapen for 2007 for føretaksgruppa Helse Vest viser eit underskot på 965,2 mill. kroner. Korrigert for dei tilhøva som er nemnde over, og som til saman utgjer 875 mill. kroner, er resultatet 90,2 mill. kroner svakare enn styringsmålet til eigar. Av dette underskotet er 15,3 mill. kroner nedskrivning av egedelar samstundes som føretaka har rekneskapsført netto gevinstar ved sal av anleggsmiddel på 49,0 mill. kroner.

Føretaksmøtet merka seg at resultatkravet for 2007 dermed ikkje er oppfylt, men er likevel svært nøgd med at årsresultatet for 2007 er vesentleg betre enn resultatet for 2006. Føretaksmøtet slo fast at effekten av omstillingstiltaka i 2007 er mindre og at veksten i kostnader har vore større enn det som var lagt til grunn.

Føretaksmøtet peikte på at god økonomisk styring og kontroll er svært viktig. Føretaksmøtet er i den samanheng tilfreds med at dei grepa regionen har tatt i styringa med helseføretaka i regionen gjennom 2007 har gitt grunnlag for gode rutiner for økonomisk oppfølging. Føretaksmøtet har vidare merka seg at Helse Vest RHF arbeider aktivt for å sikre kontroll og oppfølging i heile organisasjonen. Den positive utviklinga gjennom 2007 og dei økonomiske resultata hittil i 2008 gjer grunnlag for å kunne nå resultatkravet for dette året. Føretaksmøtet legg til grunn at Helse Vest RHF vidarefører arbeidet med å halde god kostnadskontroll og med å få til den omstilling som trengst i helseføretaksgruppa for å nå eigar sitt krav til resultat i 2008.

I regjeringa sitt framlegg til St. prp. nr. 59 (2007-2008) er det ikkje lagt inn forslag til auke i driftskredittramma, og driftskredittramma som vart løyvd i St. prp. nr. 1 (2007-2008) er i stor grad allereie fordelt ut til dei regionale helseføretaka. Helse Vest RHF må derfor sikre at likviditeten resten av året blir halden innafor dei rammer som no er gitt.

Føretaksmøtet vedtok:

Styret sitt framlagde årsrekneskap og årsmelding for 2007 vert godkjent. Føretaksmøtet godkjenner vidare styret sitt forslag til oppløysing av strukturfondet ved overføring til "Annan innskoten eigenkapital".

Sak 4: Godkjenning av godtgjering til revisor, jf. lov om helseforetak § 44

Godtgjeringa til revisor gjeld det arbeid som etter lova er nødvendig for å utarbeide revisjonsmelding for 2007. Auken på 419 000,- kr frå 2006 skuldast i stor grad inngåing av ny avtale med revisor.

Føretaksmøtet vedtok:

Godtgjøring til ekstern revisor for revisjon etter lova for 2007 på kr 2 359 000,- inkl. mva. vert godkjend.

Sak 5: Presisering av resultatkrav 2008

I føretaksmøtet 25. januar 2008 vart det sett følgjande resultatkrav for Helse Vest RHF for 2008:

"I tråd med krava frå Stortinget skal Helse Vest RHF handtere omstillingsutfordringa si slik at ordinært rekneskapsmessig resultat for føretaksgruppa i 2008 er i balanse, svarande til eit resultat for året på null kroner. Føretaksmøtet presiserte at auka pensjonskostnader som følgje av endra økonomiske parameter utover kostnadsnivået som det er tatt omsyn til i basisramma til Helse Vest RHF, ikkje skal reknast med i resultatkravet for 2008. Som grunnlag for kostnadsføring undervegs i 2008 skal budsjettert pensjonskostnad berekna ut frå parametersett fastsett 31. desember 2007, bli lagt til grunn."

I St.prp. nr. 59 (2007-2008) er det foreslått å auke løyvingane til dei regionale helseføretaka i 2008 med samla 3 200 mill. kroner for å dekkje auka pensjonspremiar. Med atterhald om Stortinget si godkjenning vil dette nivået på løyvingane redusere pensjonskostnadene som er unnateke frå resultatkravet tilsvarande, frå 3 800 mill. kroner til 600 mill. kroner. Unnataket er basert på dei aktuarberekningane som ligg føre p.t. med økonomiske parameter pr 31. desember 2007. Helse Vest RHF sin del av dette beløpet utgjer 112 mill. kroner som er unnateken frå resultatkravet for 2008.

Føretaksmøtet fatta følgjande vedtak:

Føretaksmøtet tok presiseringa av resultatkrav for 2008 til etterretning.

Sak 6: Årleg melding, jf. lov om helseforetak § 34 og vedtektene § 7 og § 15

Helse Vest RHF orienterte om årleg melding for 2007 og styrets vidare arbeide innan utvalde område.

Lov om helseforetak § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. Meldinga skal også omfatte dei helseføretaka som det regionale helseføretaket eig.

I vedtektene § 7 går det fram at føretaksmøtet skal behandle årleg melding på føretaksmøtet, som skal haldast innan utgangen av juni kvart år. I vedtektene § 15 er

det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i lov om helseforetak, om dei vilkåra som er knytt til at tilskotet er oppfylt. Vilkår knytt til tilskotet går fram av oppdragsdokumentet til det regionale helseforetaket for 2007.

Departementet har mottatt årleg melding frå Helse Vest RHF for 2007 1. mars 2008, og mottatt supplerande opplysningar knytt til denne meldinga i eige brev av 30. april 2008. Helse Vest RHF har rapportert på dei styringskrava som oppdragsdokumentet og protokoll frå føretaksmøtet 13. februar 2007 krev. Føretaksmøtet merka seg at melding frå pasientomboda var lagt ved.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF framleis arbeider for å oppfylle alle måla som blei sett av departementet for 2007. Føretaksmøtet går ut frå at behovet befolkninga har for spesialisthelsetenester har blitt teke hand om i tråd med "sørgje for"-ansvaret.

Helse- og omsorgsdepartementet har i fleire år stilt krav om at minst 80 pst av epikrisane skal sendast ut innan sju dagar. Føretaksmøtet registrerte at rundt 60 pst vert sendt ut innan sju dagar i Helse Vest RHF. Dette er som i 2006, og langt frå kravet på 80 pst. Føretaksmøtet forventa at Helse Vest RHF tek betre tak i årsakene til den manglande betringa og at målet ikkje er nådd.

Føretaksmøtet merka seg at delen av strykingar frå planlagt operasjon er 8 pst i Helse Vest RHF. Dette er likt landsgjennomsnittet, men er for dårleg i høve til kravet på færre enn 5 pst. Føretaksmøtet forventa at Helse Vest RHF tek tak i årsakene til at målet ikkje er nådd.

Føretaksmøtet merka seg at delen korridorpatientar i Helse Vest RHF er for høg (2,8 pst), men at Statens helsetilsyn og Helse Vest RHF følgjer opp situasjonen. Føretaksmøtet understreka at det er viktig å analysere årsakene til korridorpatientar og ta tak i desse. Føretaksmøtet understreka det ansvaret Helse Vest RHF har for å setje i verk tiltak med sikte på optimal kapasitetsutnytting på regionalt nivå. Føretaksmøtet forventa at oppfølginga har færre korridorpatientar som resultat. Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF arbeider aktivt for å unngå overbelegg innan akuttpsykiatrien. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF har system på plass, slik Statens helsetilsyn går ut frå at dei har. Vidare merka føretaksmøtet seg at Helse Vest RHF har gjort ei vurdering av behovet for sikkerheitsplassar. Føretaksmøtet forventa at dei konklusjonane som ein kjem fram til vert følgt opp i samsvar med "sørgje for"-ansvaret til Helse Vest RHF.

Føretaksmøtet merka seg at Helse Vest RHF arbeider med lokalsjukehusfunksjonane sin plass i dei heilskaplege behandlingsskjedene og at Helse Vest RHF er i dialog med kommunar i helseregionen for å betre samhandlinga mellom nivåa i helsetenesta. Føretaksmøtet var nøgd med at det er fokus på dette arbeidet, men understreka kor viktig det er at arbeidet omfattar heile behandlingsskjeda og alle tenestemråda, også innfor psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert behandling av

rusmiddelavhengige. Vidare viste føretaksmøtet til Helse Vest RHF si rapportering om bruk av individuell plan. Individuell plan er eit viktig verkty for å styrke koordineringa og samhandlinga mellom nivåa i helsetenesta. Føretaksmøtet forventar derfor at det vert arbeidd for å auke bruken av individuell plan.

Føretaksmøtet vedtok:

Årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest RHF vert teke til etterretning.

Sak 7: Stadfesting av tidlegare vedtak

Etter etablert praksis skal vedtak som er fatta i telefonmøte bli stadfesta i fyrste ordinære føretaksmøte. Det er halde to føretaksmøte som telefonmøte sidan siste ordinære føretaksmøte i Helse Vest RHF.

7.1 Stadfesting av vedtak om forslag til funksjonsendringar ved Helse Førde HF.

Det vart halde føretaksmøte som telefonmøte 15. februar 2008. Saka gjaldt forslag til funksjonsendringar ved Helse Førde HF.

Føretaksmøtet vedtok:

- 1. Føretaksmøtet konstaterte at føresetnadene for drift av dei fem sengene som spesialisthelsetenesta har ansvar for ved sengeposten ved nærsjukehuset i Florø, ikkje er tilstades.*
- 2. Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF om å vidareføre drift av spesialisthelseteneste i Florø, og at ein søkjer å vidareutvikle driftsmodellen slik det er skissert i brev frå Helse Vest RHF av 12. desember 2007, med mellom anna vidare satsing på det polikliniske tilbodet, dagbehandling og styrking av lærings- og meistringsfunksjonane.*
- 3. Føretaksmøtet bad om at ein i den vidare prosessen har ein tett dialog med dei aktuelle kommunane for å betre samhandlinga og søkje å etablere gode tilbod, og kartlegge behovet for å etablere ambulante geriatriske tenester.*
- 4. Det skal sikrast at dei tilsette sine rettar etter lov- og avtaleverk ivaretakast på ein god måte i omstillinga.*

7.2 Forsvarleg verksemd og kvalitet i akuttmottaka. Oppfølging av rapport frå Statens helsetilsyn

Det vart halde føretaksmøte i Helse Vest RHF som telefonmøte 14. mars 2008. Saka gjaldt forsvarleg verksemd og kvalitet i akuttmottaka. Oppfølging av rapport frå Statens helsetilsyn.


Føretaksmøtet vedtok:

1. Føretaksmøtet viste til at årsaka til at rapporten frå Statens helsetilsyn om akuttmottaka blir behandla i føretaksmøtet, er at funna er alvorlege.
2. Føretaksmøtet bad om at Helse Vest RHF må sikre at alle dei påpekte avvika blir retta opp.
3. Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF må sikre at leiinga ved helseføretaka sett i verk systematiske tiltak for å få betre styring, leiing og drift av akuttmottaka. Føretaksmøtet understreka at dette arbeidet må bli gitt nødvendig prioritet og sjåast i samanheng med Sosial- og helsedirektoratet sitt arbeid som skal framstille og foreslå ulike modellar for organiseringa av akuttmottaka.
4. Føretaksmøtet konstaterte at det er behov for større systematikk i dei regionale helseføretaka og helseføretaka si oppfølging av rapportane frå Statens helsetilsyn, for å sikre at tiltak blir sette i verk og at organisasjonen kontinuerleg lærar av dei gjennomførte tilsyna. Føretaksmøtet la til grunn at dette blir følgd opp.

Møtet blei heva kl 14.15.

Oslo, 6. juni 2008


Frode Myrvold


Oddvard Nilsen